

Heio-gjerdet framleis nede

30.03.2011



Heio-gjerdet ligg framleis nede

Om få dagar er det 2 månadar sidan ein sjåfør mista styringa og køyrd ned hjørnet av gjerdet rundt idrettsplassen på Heio. Men framleis er ingenting gjort for å rette opp att og reparera gjerdet.

Oppsittarar i området undrar seg over det og spør uskedalen.no kvifor det ikkje er gjot noko.

Leiar i idrettslaget Bjarne Lilleas kan ikkje på sparket svara på kvitfor gjerdet ikkje har kome opp att. Men han lovar at det skal skje snart og seinast i samband med dugnaden i slutten av april.

Seinare opplyssar Odmund Soldal at jobben med reparasjonen er sett bort til Brødrene Musland og at dei startar fredag.

Bilen køyrd rundt 50 meter utanfor vegen og over jordet før den traff gjerdet. Sjåføren forklara utforkøyringa med at det var mykje snøslaps i vegen då uhellet skjedde på morgonkvisten 4. februar.

Han opplyste at både han og bilen var heilt uskada. Sjåføren tok etter stutt tid kontakt med idrettslaget og beklaga hendinga. Det vart også teke kontakt med forsikringsselskapet.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen